

TIDSSKRIFT FOR KOMMUNISTISK TEORI OG DEBATT

KVA HENDER  
I PORTUGAL?

# RØDE FANE

Folkekrigen har sigra  
i Indokina

Nr. 3 - 1975 4. årg. Pris kr. 8,-

UTGITT AV ARBEIDERNE KONGUNISTPARTI (MÆRKSIST-LENINISTENE)

UTGITT AV ARBEIDERNES KOMMUNISTPARTI (MARXIST-LENINISTENE)

# RØDE FANE

Nr. 3 1975. 4. årg. Pris kr. 8,-

TIDSSKRIFT FOR  
KOMMUNISTISK TEORI OG DEBATT

Redaktør og ansvarlig utgiver:

Knut Johansen

Trykt i offset hos A/S Duplotrykk

Adresse: RØDE FANE, Forlaget Oktober  
A/S,

Postboks 6875 St. Olavs plass, Oslo 1.

Postgiro: 2 20 84 78

Abonnement kr. 40,- for ett år (6 nr.)

Løssalg kr. 8,-

## INNHOILDSFORTEGNELSE

Folkekrigen har sigra i Indokina . . . . .	s. 1
Leve det frie Kambodja . . . . .	s. 3
Fra: Et forslag til den internasjonale kommunistiske verdensbevegelsens generallinje . . . . .	s. 8
Internasjonalt	
Kva hender i Portugal? . . . . .	s. 13
Portugal nederlag for fascismen, men borgardiktaturet står ved makt . . . . .	s. 14
Klassene og økonomien i Portugal . . . . .	s. 16
Krise i borgerskapet . . . . .	s. 22
Rørsla i dei væpna styrkane og »atterreis- ningsprogrammet» . . . . .	s. 25
Arbeiderklassen:	
Kampviljug og kampdugeleg. Revisjonis- tane vert setne inn mot masserørsla . . . . .	s. 32

## Vår presse

Ernst Aust, formann i KPD(m-l):

Kamp mot voksende krigsfåren frå dei to  
supermaktene . . . . . s. 35

## Krisa i kapitalismen

Hva særmerker krisa i dag? . . . . . s. 39

## Maktspråk

Espen Haavardsholm:

Den amerikanske festningen faller . . . s. 42

## SV – eit regjeringsparti utan ministrar

Finn Sjue:

»SOSIALISTISK VENSTREPARTI»

– En borgerlig-sosialistisk partiaallianse  
full av indre motsigelser . . . . . s. 47

1. Et lite forspill – eller om SV i  
miniatyr . . . . . s. 49

2. En partiaallianse full av motsigelser  
s. 50

3. Hva slags krefter vinner fram i SV  
nå, hvem taper terrenget? . . . . . s. 59

4. Splittelse siden . . . . . s. 66

## Gjenreis fagbevegelsens kampkraft

Studer utkastet til faglig manifest fra

AKP(m-l) . . . . . s. 70

Karl Marx:

Fagforeningane må vere ei løftestang i  
kampen for å figurere arbeidarklassen s. 71

Karl Marx:

Fra »Lønn, pris og profit» . . . . . s. 73

Fram for en grundig kritikk av faglig  
manifest . . . . . s. 75

## Kommentar

Rød Ungdoms 9. landsmøte:

Stor enighet etter grundige forberedelser s. 78

## FISKERNE I NORGE

*Den tredje artikkelen i serien om Fiskerne i Norge må stå ut til neste nummer. Den vil særlig behandle fiskernes organisasjoner og de oppgavene de står overfor. De to første artiklene i denne serien sto i nr. 1 og 2 i år. Den første tok opp hvilken betydning fisket i Norge har. Den andre behandlet klassesammensetninga i fisket.*

### Forsidebildet:

*Soldater fra Folkets væpnede styrker i Kambodsja holder vakt ved Angkor-tempelet i Kambodsja – symbolet på den kambodsjanske nasjonen. (Tempelet er det samme som det som er gjengitt i det kambodsjanske flagget.) – Foto: Hsinhua News Agency.*

# *Folkekrigen har sigra i Indokina!*

1. Den aggressive USA-imperialismen er slegen i Indokina. Kambodsja vart frigjort 17. april i år. Sør-Vietnam vart frigjort 30. april. Laos har hatt ei nasjonal forsoningsregjering sidan 21. februar 1973, og det er i dag avgjort folket sine krefter som har initiativet. Desse sigrane er eit veldig framsteg for verdsrevolusjonen mot imperialismen.

Indokina har vore det same for vår tid som Spania var i 30-åra. På den tida opplevde arbeidarklassen i heile verda å sjå folket tape mot fascisme og imperialismen. I vår tid har vi sett frigjeringskreftene vinne. Dette sannar fullt ut Mao Tsetungs tese om at revolusjonen er grunnstraumen (hovudtendensen) i verda i dag.

2. Også arbeidarklassen i Noreg må summere opp dei røynslene som er gjort i den væpna kampen i Indokina. Vi treng eit klårt syn for kva sigrane seier om situasjonen i verda i dag. Vi må lære å sjå at det er folka i den tredje verda som står i fremste led i kampen mot imperialismen i dag. Dei lengstkomne røynslene i kampen vert hausta av folka, arbeidarklassen og deira kommunistiske parti i desse landa.

Vi må studere korleis dei har brukt marxismen-leninismen i sine eigne land under dei tilhøva som rår i verda i dag, og bu oss på å nytje desse lærdomane i vår eigen kamp. **Revolusjonen er grunnstraumen i verda i dag, seier Mao.** Men han seier og: **Fåren for ein ny verdskrig er framsleis til stades, og folket i alle land må førebu seg.**

3. Dei to imperialistiske supermaktene USA og Sovjet tevlar skarpt med ein annan. Europa er det feitaste kjøtstykket for dei bae. Arbeidarklassen kan ikkje stø seg på den eine supermakta mot den andre. Han kan heller ikkje tru seg til hærmakta til hersarklassen i sitt eige land. Ein folkehær under leing av arbeidarklassen er det einaste våpenet ein nasjon kan ha mot imperialismen. Med dette våpenet har folket ingenting å frykte frå imperialismen. Dette gjeld like mykje i vårt land som i Vietnam, Kambodsja, Laos.

Ein slik hær finst sjølvsagt ikkje i Noreg i dag. Men han fanst heller ikkje i Indokina før folka tok til å reise kampen. *Folkehæren vert bygt opp i sjøve striden.* Om han kan sjå veik ut i byrjinga, er han like fullt umogeleg å slå dersom han vert bygt opp etter rette grunnsetningar.

4. Dette nummeret av Røde Fane gjekk til prent samstundes med at meldinga om frigjeringa av Saigon kom. Vi har difor ikkje greidd å kommentere dei siste hendingane

i Vietnam særskilt. I nummeret finn du likevel ei oppsummering av frigjeringa av Kambodsja og ein kommentar til offensiven i Vietnam i mars/april. Du finn og eit utdrag frå det viktige framlegget til generallinje for den kommunistiske verdsrørsla som Kinas Kommunistiske Parti sende ut i 1963. Vi syner òg til utdraget vi har frå ein tale Ernst Aust – formannen i KPD(m-l) i Tyskland – heldt 5. april i år, om faren for krig frå supermaktene.

Vi vil be lesarane studere desse artiklane. Attåt dei allmenne lærdomane som kan hentast frå det som har skjedd, vil vi òg peike på kor viktig det er at alle vener av dei indokinesiske folka arbeider for å styrke venskapen mellom dei frigjorte folka i Indokina og det norske folket. Kampen er ikkje slutt no. Dei står framfor den store oppgåva å atterreise landa sine og byggje eit nytt demokrati og ein blomstrande økonomi og kultur. Vi må halde fram med å stø dei og lære av dei i denne fasen òg.

Red.

## Ei klassisk bok om folkekrig



Truong Chinh's bok «Folkekrigens vei. Vietnam vil vinne» blei skrevet i 1940-åra. Dette var ei tid da det kunne se ut som om den nye Demokratiske Republikken Vietnam (proklamert august 1944) var dødsdømt og at det franske kolonierredømmet skulle bli gjenopprettet.

Vietnameserne har like fullt gått fra seier til seier i frigjøringskampen, både mot fransk kolonialisme og USA-imperialismen.

Grunnen til dette er den riktige linja for folkekrigen som de vietnamesiske kommunistene skapte.

Boka er viktig å lese for alle som ønsker at imperialismen skal lide nederlag, og som gjerne ser sitt eget land fritt. Om vi vil forsvare Norge dersom fremmede imperialistmakter okkuperer landet eller gjennomfører et fascistisk militærkupp her, bør vi lese, studere og eie denne boka.

Truong Chinh er i dag medlem av sentralkomiteen i Vietnams Arbeiderparti og president i den faste komiteen i parlamentet i Den Demokratiske Republikken Vietnam.

Forsida: «En svak plante vokser i den blodtrukne jorda», tresnitt av den kinesiske kunstneren Lin Chun.

Pris kr. 24,50

Truong Chinh

# FOLKE- KRIGENS VEI

Vietnam vil vinne



Oktober

# LEVE DET FRIE KAMBODSJA!

**FRAM FOR SAMHALDET MELLOM ARBEIDAR-  
KLASSEN I NOREG OG FOLKA SOM STRIR FOR  
SJØLVSTENDE OG FRIDOM I DEN TREDJE VERDA!**

1.  
17. april i år tok dei kambodsjanske frigjeringsstyrkane i Kambodsja Phnom Penh. Dei folkelege frigjeringsstyrkane i Kambodsja og Den nasjonale einskapsfronten i Kambodsja vart skipa for fem år sidan, 23. mars 1970, stutt tid etter at USA-imperialismen hadde sett i verk fascist-kuppet til Lon Nol og klikken hans. I kjølvatnet av kuppet i 1970 fulgte 100 000 soldatar frå overfallshæren til USA-imperialismen og quislingane i Saigon. Føremålet var å bryte ned nøytralitetspolitikken statssjefen Sihanouk hadde fulgt og gjere Kambodsja til ei slagmark for den amerikanske krigføringa i Indokina.

Berre det første året slo frigjeringsstyrkane overfallsmennene i slag etter slag. Dei frigjorde to tredelar av landområdet berre dette året, og skapte grunnfaste basar for frigjeringskampen. I det andre og det tredje året slo dei attende det eine motåttaket etter det andre og sette om lag 200 000 fiendetroppar ut av spel.

I det fjerde året motsto dei terrorbombinga USA sette inn for å tvinge fram forhandlingar. Amerikanske fly bomba dei frigjorte områda i 200 dagar, med meir enn 35 000 flytokter. 15. august 1973 vart USA tvunge til å stanse bombingane, utan å ha nådd målet sitt.

I 1974 var frigjeringsstyrkane komne så langt i kampen at dei alt var framfor fienden i militær styrke. Det var dei som avgjorde det som skjedde på slagmarka. Dei kunne ta til med offensiven sin i den femte tørketida etter kuppet. På Den andre nasjonale kongressen i Kambodsja – 24. – 25. februar 1975 – vedtok utsendingane for Einskapsfronten, Frigjeringsstyrkane, Regjeringa og dei folkelege masseorganisasjonane at folket og hæren i landet skulle *»styrke kampinnsatsen sin og gå på fienden utan atterhald, for dermed å fullføre den oppgåva vi har sett oss – full og endeleg frigjering av nasjonen og folket.»* Då var 97 prosent av landområdet frigjort.

Knappt to månader etter overga generalane i Phnom Penh seg. Då hadde Lon Nol

flykta frå landet, og heile verda hadde sett den amerikanske ambassadøren reise sin veg med det amerikanske flagget tulla saman i ein plastpose.

2.

Dei fem sigerrike kampåra i Kambodsja har atter synt at alle reaksjonære gjer den feilen å tru at det er dei som er sterke. Tvert om er det folket som er sterkt, **»dersom det bare våger å reise seg til kamp, gripe til våpen og ta sitt lands skjebne i sine egne hender»** (Mao Tsetung 20. mai 1970, etter fellesmøtet for frigjeringsrørslene i Indokina).

Sosialimperialistane seier alltid at det er dei og ikkje folka sjølve som skapar dei

politiske og materielle vilkåra for at frigjeringsrørslene i den tredje verda kan kjempe og sigre mot USA-imperialismen. Dei agentura dei har i revisjonistpartia over heile verda plaprar etter dei i dette.

Den raske framgangen og den store sigeren folket har vunne i Kambodsja er eitt av dei viktigaste prova på kor vel frigjeringskampen kan greie seg utan den hjelpa sosialimperialismen stundom kjenner seg tvungen til å gje. Mest alle veit no at den einaste innsatsen Sovjet har gjort har vore sabotasje av kampen og samarbeid med folket sine fiendar. Det er nok å nemne at dei heldt oppe sambandet med Lon Nol-regjeringa heilt frå kuppet i 1970 til etter Den andre nasjonale kongressen i



Kambodsjansk frigjeringssoldat ved fronten ved Phnom Penh i april 1975. (Foto Hsinhua News Agency)

Kambodsja. Dette er et skamlaut svik mot folket i Kambodsja, og eit ope åtak på einskapsfronten som vart bygd mellom dei tre indo-kinesiske folka på fellesmøtet mellom PRR, GRUNK, Den patriotiske fronten i Laos og regjeringa i DRV våren 1970. Vi syner elles til det vi la fram om Sovjet si rolle i Kambodsja i Røde Fane 3/74, »Sovjet har anerkjent GRUNK».

Måten Sovjet har fare fram på i denne kampen er ikkje eit tilfeldig avvik frå hovudlina deira. Det er tvert om eit uttrykk for den lina dei har fulgt mot frigjeringsrørslene sidan dei nye tsarane kom til makta i 1956. Dei freistar å få verda til å tru at frigjeringsrørslene aldri hadde vore til om det ikkje var for dei. I røynda slepar dei og agentura deira etter som tunge lodd der kampen er i gang, fektar med armene og kritiserer der han er i ferd med å reise seg, og gjer alt dei kan for å hindre at kampen vert reist der dei har eit ord med i laget. Der politikken deira har vunne fram har dei ført folket til slaktebenken etter å ha avværna dei fysisk og politisk. Fascistiske diktatur under marionettar for dei sjølve eller den andre supermakta har vore utkommet – i Indonesia, Chile og Bangla Desh, for å nemne nokre døme

Frigjeringa av Kambodsja er difor eit hardt slag mot begge dei to supermaktene, og eit varsel om at begge to går ei mørk tid i møte. Det same gjeld dei sigerrike kampane i Laos og Vietnam. Sosialimperialistane freistar å sole seg i lyset av det som skjer, fordi dei har ytt ei viss våpenhjelp. Sanninga er at alle tre folka fører frigjeringskrigen fram til siger *no mot vilja til Sovjet-leiarane*. Hjelpa kom først etter at Khrustsjov fall i 1964, då sosialimperialismen såg at prestisjen deira var i fåre. Sidan den tid har dei arbeidd intenst for å få dei indokinesiske folka til å bøye seg i forhandlingar før dei

sjølve var sterke nok til å diktere vilkåra slik at landa verkeleg kunne slå inn på vegen med full fridom og sjølvstende.

*Sigren dei indokinesiske folka no vinn er ein siger for ei revolusjonær kamplina som står skarpt mot den undergangslina sosialimperialistane byr fram for folka i verda. Liksom USA-imperialismen fryktar dei med rette for at også folk som er under deira herredøme skal lære av det som er hendt. Dei rustar seg til tennene for å møte den kampen som vil kome når desse folka tar det same uovervinnelege våpnet i bruk for å fri seg fra åket.*

### 3.

Sigren som er vunnen i Kambodsja – og dei endelege sigrane som snart kjem i Laos og Vietnam – er innleiinga til ein mektig revolusjonær epoke då imperialismen vil tape for sosialismen i land etter land. Det er den tredje slike epoken sidan imperialismen vart til.

Den første er kjenneteikna av Oktober-revolusjonen i Russland i 1917, då imperialismen vart stengt ute frå heile land-området frå Russland til Sibir og den første sosialistiske staten vart bygt. Denne epoken vart avbroten av framveksten av den tyske og japanske fascismen.

Den andre epoken byrja med fallet for desse to fasciststatane i den andre verds-krigen. Etter dette braut heile det koloniale systemet til imperialismakten med England og Frankrike i brodden saman. Land etter land i den tredje verda vann sjølvstende gjennom væpna kamp, og eit stort tall land i Europa og Asia slo inn på vegen med å byggje sosialismen. Gjennom den borgarlege kontrarevolusjonen i Sovjet i 1956 fekk den revolusjonære verdsrørsla eit alvorleg mellombels atter-slag. Arbeidarklassen og folket i Sovjet og dei fleste folkedemokratia i Aust-Europa

kom på ny under imperialismen sitt diktatur.

Folket i Kambodsja er det første som har vunne seg retten til å bygge eit demokrati av ein ny type og velje sosialismen sidan dette atterslaget.

Liksom i Folkerepublikken Kina, Den demokratiske republikken Korea og Den demokratiske republikken Vietnam er denne sigeren vunnen av ein allianse bygt på arbeidarklassen og dei fattige og mellomstore bøndene i første rekke, saman med delar av det nasjonale borgarskapet. Norodom Sihanouk representerer denne siste gruppa. Den han sjølv seier fortel greitt kva klassen hans står for: »Eg er anti-imperialist, men ikkje kommunist.» Den politiske saga hans fortel med tydelege ord kvifor det er partiet til arbeidarklassen og bøndene i Kambodsja, det marxist-leninistiske kommunistpartiet, som har hatt førarskapet i sigerskampen og vil få det i oppbygginga av det frie Kambodsja.

Frå 1954 til 1970 leidde Sihanouk den kambodsjanske staten. Han freista så langt han kunne å halde på fridomen og sjølvstendet til landet. Men han greidde ikkje å hindre at USA-imperialismen dreiv undergravingsaktivitetar mange stader i landet, utførte hemmeleg bombing av delar av landområdet og ala opp ein quisling-klikk mellom borgarane i statsapparatet og hæren, som til sist tok makta ved kupp og dreiv landet ut i eit blodbad som har kosta livet til 1 million av dei 7 millionane kambodsjanarar.

*Alt den gongen hadde kommunistpartiet ei korrekt analyse av klassekreftene i landet. Dei skjøna kva som ville hende, og budde seg godt på å føre væpna kamp mot imperialistiske overfallsmenn.* Sidan 1970 har dei leia einskapsfronten og frigjeringshæren. Dei har fulgt den marxist-leninistiske læra om folkekrig, lært folket å føre krig gjennom krigen,

gjennomført sosiale revolusjonar i dei frigjorte områda, sett til at folket tok makta i sine egne hender, men samstundes visst å sameine seg med alle patriotiske krefter.

#### 4.

Sosialimperialistane og revisjonistpartia som følgjer dei seier at det er kappestriden mellom Sovjet og USA som er det viktigaste som skjer i verda i dag. »Fred, tryggleik og demokrati» for heile verda vert avgjort av denne striden, vil dei ha folk til å tru. Berre Sovjet vert sterkt nok, kan alle folk i verda gå ut og plukke sosialisme av trea utan at ein einaste reaksjonær vågar å løfte ein finger. Denne teorien er ein hån mot alle folka i verda. Det er ikkje dei to supermaktene, men folka som som slåst i den tredje verda som avgjør utviklinga i dag.

Kommunistpartiet og folket i Kambodsja har aldri ein augneblink latt seg påverke av denne giftige propagandaen, like lite som partia og folka i dei to andre indokinesiske nasjonane. Dei har skjøna svært godt at ingen kan få korkje fridom eller sosialisme som gåve. Skal ein vinne det, må ein reise seg til kamp, lite på egne krefter og gripe til våpen.

Den væpna kampen er reist etter dei same retningslinene i ein rad land i den tredje verda. **Denne kampen er i dag den sterkaste krafta i striden mot imperialismen.** I eit av dei viktigaste skriftera mot den moderne revisjonismen — *»Et forslag den internasjonale kommunistiske bevegelsens generallinje»* — vert det marxist-leninistiske synet på denne kampen summert opp slik:

**»Den nasjonale demokratiske revolusjon i disse områder er en viktig bestanddel av den proletariske verdensrevolusjon i våre dagar. De anti-imperialistiske revolusjonære kampene som føres av fol-**

kene i Asia, Afrika og Latin-Amerika knuser og undergraver grunnvollen for imperialismen og det gamle og det nye koloniveldets herredømme, og danner nå en mektig kraft i forsvaret for verdensfreden.

Derfor avhenger hele den internasjonale verdensrevolusjonens sak på en måte av utfallet av de revolusjonære kampene som føres av folkene i disse områder, som utgjør et overveldende flertall av verdens befolkning.

Derfor er den anti-imperialistiske revolusjonære kamp som føres av folkene i Asia, Afrika og Latin-Amerika ikke bare en sak av regional betydning, men en sak som har altomfattende betydning for hele

den proletariske verdensrevolusjonens sak.»

Det er i dette lyset vi må sjå den sigeren som er vunnen i Kambodsja og som snart vert vunnen i resten av Indokina. Det er ei avgjerande viktig oppgåve for kommunistane i Noreg å gjere dette synet kjent og forstått i det norske folket. Vi må syte for at den støtta folket i Kambodsja og i Indokina elles har arbeidarklassen vert utvikla til eit varmt venenskap med dei nye frie statane. *Vi må få mange til å evne å sjå dei som læremeistarar og føregangsmenn i kampen vi må føre mot imperialisme og reaksjon i vårt land.*

K. J.

Fra:  
Et forslag til den  
internasjonale kommunistiske  
verdensbevegelsens generallinje

Brevet fra sentralkomiteen i Kinas Kommunistiske Parti –  
Svar på brevet fra  
sentralkomiteen i Sovjetunionens Kommunistiske Parti  
av 30. mars 1963.

8. De forskjellige typene av motsetninger i våre dagers verden er konsentrert i de veldige områdene i Asia, Afrika og Latin-Amerika. Det er disse områder under imperialistisk herredømme som står sterkest i faresonen, og de er verdensrevolusjonens stormsentra, som tilføyer imperialismen direkte slag.

Den nasjonale demokratiske revolusjonære bevegelsen i disse områdene og den internasjonale sosialistiske revolusjonære bevegelsen er de to store strømningene i vår tid.

Den nasjonale demokratiske revolusjon i disse områder er en viktig bestanddel av den proletariske verdensrevolusjon i våre dager. De anti-imperialistiske revolusjonære kampene som føres av folkene i Asia, Afrika og Latin-Amerika knuser og undergraver grunnvollen for imperialismens og det gamle og nye koloniveldets herredømme, og danner nå en mektig kraft i forsvaret for verdensfreden.

Derfor avhenger hele den internasjonale verdensrevolusjonens sak på en måte av utfallet av de revolusjonære kampene som føres av folkene i disse områder, som utgjør et overveldende flertall av verdens befolkning.

Derfor er den anti-imperialistiske revolusjonære kamp som føres av folkene

i Asia, Afrika og Latin-Amerika ikke bare en sak av regional betydning, men en sak som har altomfattende betydning for hele den proletariske verdensrevolusjonens sak.

Visse folk går nå så langt at de benekter den store internasjonale betydning av de anti-imperialistiske revolusjonære kamper som føres av folkene i Asia, Afrika og Latin-Amerika, og under påskudd av å ville bryte ned de nasjonale, rasemessige og geografiske skrankene prøver de å gjøre sitt beste for å viske ut skillelinjen mellom undertrykte nasjoner og undertrykkernasjoner, mellom undertrykte land og undertrykkerland og å bremse på de revolusjonære kamper som føres av folkene i disse områder. I virkeligheten tjener de imperialismens herredømme i disse områder, og at imperialismen fremmer sin politikk for gammel og ny kolonialisme. I virkeligheten søker ikke denne »teorien» å bryte ned de nasjonale, rasemessige og geografiske skrankene, men å hevde de »overlegne nasjonenes» herredømme over de undertrykte nasjonene. Det er bare naturlig at denne svikaktige »teorien» blir forkastet av folket i disse områdene.

Arbeiderklassen i hvert sosialistisk land og hvert kapitalistisk land må trofast sette kamp-parolene »Arbeidere i alle land, foren dere» og »Arbeidere og undertrykte nasjoner i verden, foren dere» ut i livet; den må studere de revolusjonære erfaringene som folkene i Asia, Afrika og Latin-Amerika har høstet, den må gi sin faste støtte til deres revolusjonære aksjoner og betrakte deres frigjørings sak som den mest pålitelige støtte for seg selv og som i direkte samsvar med sine egne interesser. Dette er den eneste virkningsfulle måte å bryte ned de nasjonale, rasemessige og geografiske skrankene på, og dette er den eneste ekte proletariske internasjonisme.

Det er umulig for arbeiderklassen i de kapitalistiske land i Europa og Amerika å frigjøre seg hvis den ikke forener seg med de undertrykte nasjonene, og hvis disse nasjonene ikke blir frigjort. Lenin sa så riktig at »den revolusjonære bevegelse i de framskredne land ville i virkeligheten være et rent bedrag hvis ikke Europas og Amerikas arbeidere i sin kamp mot kapitalen sluttet seg fullstendig og intimt sammen med de hundre millioner »koloniale» slaver som undertrykkes av denne kapitalen».

Visse personer i den internasjonale kommunistiske bevegelse inntar nå en passiv, foraktelig eller negativ holdning til de undertrykte nasjonenes frigjøringskamper. I virkeligheten beskytter de monopolkapitalens interesser, forråder proletariatets interesser og synker ned til å bli sosialdemokrater.

Den holdning som inntas til de revolusjonære kampene som føres av folkene i de asiatiske, afrikanske og latin-amerikanske land er et viktig kriterium når en skal skjelne mellom de som ønsker revolusjon og dem som ikke ønsker den, og mellom dem som trofast forsvarer verdensfreden og dem som støtter aggresjonens og krigens krefter.

9. De undertrykte nasjonene og folkene i Asia, Afrika og Latin-Amerika står overfor den presserende oppgaven å bekjempe imperialismen og dens lakeier.

Historien har gitt de proletariske partiene i disse områdene den ærerike oppgaven å heise kampfanen mot imperialismen, mot det gamle og nye kolonivelde og for nasjonal uavhengighet og folkedemokrati, de har fått i oppgave å stå i forreste frontlinje i den nasjonale demokratiske revolusjonære bevegelsen og å kjempe for en sosialistisk framtid.

I disse områdene nekter meget brede lag av befolkningen å være imperialismens slaver. Disse lag omfatter ikke bare arbeidere, bønder, intellektuelle og småborgerskapet, men også det patriotiske nasjonale borgerskap og til og med enkelte patriotiske konger, prinser og adelsmenn.

Proletariatet og dets parti må ha tillit til massenes styrke og må framfor alt forene seg med bøndene og opprette et sterkt forbund mellom arbeidere og bønder. Det er av den største viktighet at framskredne medlemmer av proletariatet arbeider på landsbygda, hjelper bøndene med å organisere seg, og øker deres klassebevissthet og deres nasjonale selvrespekt og selvtillit.

Med forbundet mellom arbeidere og bønder som basis må proletariatet og dets parti organisere alle befolkningslag som kan forenes, og organisere en bred enhetsfront mot imperialismen og dens lakeier. For å befeste og utvide denne enhetsfronten er det nødvendig at det proletariske parti bevarer sin ideologiske, politiske og organisatoriske uavhengighet og setter alt inn på å ta ledelsen i revolusjonen.

Det proletariske parti og det revolusjonære folk må lære å mestre alle former for kamp, også den væpnede kamp. De må slå de kontra-revolusjonære væpnede styrker med de revolusjonære væpnede styrker hver gang imperialismen og dens lakeier tyr til væpnet undertrykkelse.



Soldatar frå frigjeringsstyrkane til FNL i Sør-Vietnam sver å kjempe til USA-imperialismen er driven ut av Vietnam og landet er frigjort. Bilete frå 1971.

De nasjonalistiske landene som nylig har erobret nasjonal uavhengighet, står fremdeles overfor den vanskelige oppgaven å befeste uavhengigheten, utslette imperialismens og den egne reaksjonens krefter, gjennomføre en jordreform og andre sosiale reformer og utvikle sin nasjonale økonomi og kultur. Det er av praktisk og livsviktig betydning for disse landene å beskytte seg mot og bekjempe den ny-kolonialistiske politikk som de gamle kolonialistene slår inn på for å holde på sine interesser, og særlig gjelder dette den amerikanske imperialismens ny-kolonialisme.

I noen av disse landene fortsetter det patriotiske nasjonale borgerskap å stå sammen med massene i kampen mot imperialismen og koloniveldet og innfører visse sosiale framskrittstiltak. Dette gjør det nødvendig at det proletariske parti foretar en uttømmende vurdering av den progressive rolle som det patriotiske nasjonale borgerskap spiller og at partiet styrker enheten med det.

Etter hvert som de indre sosiale motsetningene og den internasjonale klassekampen tilskjerpes, får borgerskapet, og særlig storborgerskapet, i noen av de land som nylig er blitt uavhengige en stadig større tilbøyelighet til å bli imperialismens tjenere og til å føre en folkefiendtlig, anti-kommunistisk og kontra-revolusjonær politikk. Dette gjør det nødvendig at det proletariske parti besluttsomt må bekjempe denne reaksjonære politikk.

I alminnelighet har borgerskapet i disse land en todelt karakter. Når det dannes en enhetsfront med borgerskapet, må det proletariske partis politikk være såvel en enhetspolitikk som en kamp-politikk. Politikken må gå ut på å forene seg med borgerskapet, forsåvidt som dette er progressivt, anti-imperialistisk og anti-føydalt, men å bekjempe borgerskapets reaksjonære tilbøyeligheter til å inngå kompromisser og samarbeide med imperialismen og føydalismens krefter.

I det nasjonale spørsmål er det proletariske partis verdensanskuelse internasjonalistisk og ikke nasjonalistisk. I den revolusjonære kamp støtter det den progressive nasjonalisme og bekjemper den reaksjonære nasjonalisme. Det må alltid trekke en klar skillelinje mellom seg og den borgerlige nasjonalisme, og aldri la seg innfange av den.

I Erklæringen av 1960 heter det: »Kommunistene avslører forsøkene fra den reaksjonære fløy av borgerskapet på å utgi sine egne snevre klasseinteresser for hele nasjonens interesser, borgerlige politikeres demagogiske bruk av sosialistiske paroler for å na dette mål . . .»

Hvis proletariatet i revolusjonen blir et haleheng til godseierne og borgerskapet, er det ikke mulig å vinne noen virkelig eller fullstendig seier i den nasjonale demokratiske revolusjon, og selv om en eller annen slags seier blir oppnådd, vil det bli umulig å befeste den.

Under de undertrykte nasjoners og folks revolusjonære kamper må det proletariske parti legge fram et eget program, som er rettet mot imperialismen og reaksjonen i det egne land og er for nasjonal uavhengighet og folkedemokrati, og det må utføre et selvstendig arbeid blant massene, stadig utvide de progressive kreftene, vinne mellomagenes krefter over til seg og isolere de reaksjonære kreftene; bare på den måten kan det fullføre den nasjonale demokratiske revolusjon og lede revolusjonen over på sosialismens vei.

Hele brevet fra KKP er utgitt som hefte på Oktober forlag.

# Internasjonalt

## Kva hender i Portugal?

*25. april 1974 vart fascistleiareren Caetano avsett gjennom eit militærkupp. Makta gjekk over til MFA – Rørsla i dei væpna styrkane.*

*Det nye styret går inn for mange reformar av økonomi og politikk i Portugal, og arbeider mykje saman med revisjonistpartiet PCP. Dei vil ha det til å sjå ut som om Portugal er på veg til sosialismen. Men borgarskapet sitt diktatur står ved makt. Ikkje noko har endra på dette.*

### HOVUDSPØRSMÅLET I EIN MARXISTISK ANALYSE AV HISTORISKE HENDINGAR: FOR KVA FOR EIN KLASSE?

Revisjonistar både av NKP og Kontrast-typen seier at vegen er opna for at sosialismen skal vinne i Portugal. Grunnlaget for dette er at dei nektar å gå inn i ein analyse av klassekarakteren av hendingane i landet. Attåt er synet deira eit uttrykk for korleis SV-partiet og DNA står saman om å slette ut skiljet mellom sosialisme og kapitalisme og vil narre folk til å tru at statsmonopolkapitalisme er eit »overgangssteg» mellom desse to historiske epokane.

I dette oppslaget om hendingane i Portugal tar vi opp den økonomiske og politiske klassebakgrunnen for maktskiftet 25. april i fjor. Artikkelen er skriven av ein kamerat som vitja Portugal i vår. Vi meiner analysen hans er korrekt i grunndrag. Like fullt er det utan tvil mangt som må diskuteras og studerast nærmare før vi har ei fullnøyande analyse av utviklinga.

I sær er det viktig å gå grundig til verks i granskinga av det teoretiske grunnlaget til PCP – revisjonistpartiet – og studere den praktiske politikken deira. I grunnlaget står det for den same lina som revisjonismen i Noreg. Stutt sagt er det tale om å studere eit revisjonistparti som held på å få sett politikken sin ut i livet. Det er difor svært mykje å lære av dette – som eit negativt eksempel.

Samstundes er det viktig å sjå utviklinga i Portugal i samband med rivaliseringa mellom dei to supermaktene USA og Sovjet. Det er dette som utgjør det største trugsmålet mot arbeidarklassen og folket i Portugal i dag.

Oppslaget i dette nummeret rører ved begge desse spørsmåla. I ein artikkel vi prentar i neste nummer av bladet vert dette hovudsaka.

Redaksjonen.

## PORTUGAL – nederlag for fascismen, men borgardiktaturet står ved makt.

Mest overraskande med revolten og maktskiftet i Portugal i april 1974 var kan hende kor lett og greitt det gjekk. Korleis kunne eit regime som utan alt for store problem har halde seg ved makta i 48 år (1926-74) ramle saman på eit par dagar, og mest utan at nokon forsvara det? Kor var dei klassane og gruppene som stødde seg på det fascistiske diktaturet? Eller med andre ord: kva var *klassekarakteren* til diktaturet?

Vi må for det første finne ut *kven som hadde interesse* av at omveltinga kom. Men det er ikkje nok. Det avgjerande punktet er kva klasse som *politisk kontrollerte* dei endringane kuppet førte med seg. Kven hadde *initiativet*, monopolborgarar, småborgarar eller arbeidarklassen? Og til sist: kven vart sitjande med statsmakta?

På overflata kan ein konstatere at sjølve kuppet vart sett i verk av ei laus gruppe offiserar i mellomsjiktet i heren. »Kapteinrørsla» (MFA), som sjølv ikkje tenkte å ta statsmakta. Omveltinga vart fagna – og det hjarteleg – av så godt som heile det arbeidande folket. Noko anna kunne ein ikkje vente, etter fascistdiktaturet. Likevel var det klårt at »folket» spela rolla som tilskodar, det var ikkje massane som gjennom kamp drev fram utviklinga, om dei enn stødde henne og etter kvart tok aktiv del i »oppdyddinga», t.d. med å fengsla agentar frå det hemmelege politiet, PIDE/DGS.

Revisjonistar og opportunistar – i kor med borgarane – hevdar at »heren handla som reiskap for folket sine interesser.» I den tydinga at heren sette punktum for

### TIDS

1926 – militærkupp, innføring av fascistisk styre (1933). Statssjef: Salazar.

1961 – frigjeringskrigen startar i Angola, seinare i Mocambique og Guinea-Bissau.

1968 – Salazar avløyst av Caetano.

1974 – 25. april. Militærkupp avset Caetano. Provisorisk regjering med borgarlege, sosialdemokratlar og revisjonistar. General Spinola president.

juni/juli: regjeringskrise på spørsmålet om full fridom for koloniane. MFA tar nokre plassar i regjeringa, elles som før.

august: anti-streikeloven vedteken.

10. sept.: Guinea-Bissau fritt.

28. sept.: freistnad på å organisere reaksjonært masse møte (og kupp?) vert stansa av folkemasane. Spinola innblanda og går av. General Costa Gomes ny president.

eit hata diktatur, er dette banalt rett. Men det er likevel heilt gale. Det tener berre som utgangspunkt for borgarskapet og revisjonistane sine formaningar om å »stole på heren vår, folket sin her». Dette vert propagandert for å dekkje over at det er *borgarskapet* sin her, at det var omsynet til borgarskapet sine interesser som dreiv fram kuppmarkarane, og at målet med omveltinga ikkje var å veikje borgarskapet sitt diktatur over arbeidarklassen, men tvert om å styrkje det.

## TAVLE

1975 — januar: regjeringskrise på spørsmålet om det skal kunne vere ein eller fleire faglege landsorganisasjonar i Portugal. Vedtak: berre ein. Fleire militære inn i regjeringa.

februar: omfattande demonstrasjon mot arbeidsløysa og mot NATO-øvingar. Økonomisk plan lagt fram.

11. mars: høgre-kuppfreistnad, mislukka. Spinola m.fl. i eksil.

12–18. mars: MFA seier dei vil halde makta i 3–5 år, »Revolusjonsrådet» høgste maktorgan (berre offiserar). To venstreparti (AOC og MRPP) suspenderte frå vala, MRPP heilt forbode. Nasjonalisering av bank og trygdslag (forsikring).

25. april: val på grunnlovsgjevande forsamling, som vil få lite å seie, sidan makta ligg hos Revolusjonsrådet og MFA.

Forma på dette diktaturet — den opne, fascistiske — hadde overlevd seg sjølv og var ikkje lenger i samsvar med utviklingsgraden til portugisisk monopolkapital. Ei ny form måtte eksperimentert fram.

For å underbygge desse påstandane skal vi i denne artikkelen studere forhistoria, dvs. utviklinga av samfunnsøkonomien og klassane i Portugal, fram til kuppet.

Men først er det på sin plass å minne om at den utløyande faktoren, den som gjorde dei portugisiske maktspørsmåla akutte, var frigjeringskampen til dei afrikanske folka i dei portugisiske koloniane. For å freiste å trygge Afrika-profitten sin var portugisisk monopolborgarskap tvinga til å legge om taktikken, og då sto den fascistiske og ultranasjonalistiske styreforma i vegen. Frigjeringsrørslene sto så sterke at situasjonen kravde nye og smidigare (om enn ikkje mindre reaksjonære) »løysingar», sett frå Afrika-imperialistane sin synstad.

Den nye taktikken — slik t.d. president Spinola ville ha han — var å la koloniane få stor grad av sjølvstyre, på den føresetnaden at dei »valde» samarbeidsvillige, portugisisk-venlege og borgarlege regime, slik at utsuginga kunne halde fram — og aukast — i ny-kolonialistisk skipnad. Dette synet vert stødd av imperialistane i USA og Vest-Tyskland, som lenge har kjent omvegen om byråkratiet i Lisboa som eit hinder på turen til Afrika, og som difor har tala om »avkolonisering». Frigjeringsrørslene og alle verkeleg progressive i Portugal avviser sjølsagt desse tankane, og Afrikaspørsmålet er dimed framleis nøkkelpunktet i portugisisk politikk.

Med denne reservasjonen i minnet skal vi konsentrere oss om utviklinga i »moderlandet» Portugal.

## Klassene og økonomien i Portugal

Etter ei omtumla tid som parlamentarisk republikk (frå 1910), tok ein allianse av storgodseigarar og industrikapitalistar diktatorisk makt i 1926, med militært kupp. I 1933 innførte hersarklassa eit korporativistisk diktatur etter Mussolinis modell – som altså vara til 1974. På 30-talet var Portugal eit underutvikla jordbruksland, med kapitalistisk storgodsdrift i dei sørlege og sentrale stroka, og med mest utfattige men sjølv-eigande småbønder i nord. Landet var å rekne som ein halv-koloni av engelsk imperialism (vin, fisk, kork, ull). Utbyttinga av Afrika-koloniane vart svært kort komen. I heile Angola fanst det på denne tida berre 30–40.000 portugisarar. Det fascistiske diktaturet var då den styreskipnaden som tente borgarskapet best.

»Dette 'nasjonale diktaturet' er typisk for eit halv-kolonialt land der borgarskapet går lite utvikla inn i den internasjonale konkurransen og freistar å ta utbyttinga av det nasjonale og koloniale marknaden i egne hender,» seier Francisco Martins Rodrigues<sup>1</sup>.

Tyngdepunktet i borgarskapet låg i jordbrukssektoren, og over halvparten av folket arbeidde her. Men det fanst og industri, konsentrert i Lisboa og Porto, med baseindustri (sement, glas, o.l.) og eksporttilvirking (vin, kork, fiskekonserver) som dei viktigaste. Noko over 20 % av folket var knytt til industrien.

### »Høg fortjeneste for dei verkeleg dugande industrifolka»

Medan førkrigstida var vanskeleg for portugisisk eksport, kom omslaget under krigen. F. M. Rodrigues skriv slik:

»Då landet brått gjekk over frå å vere kjøpar til å bli ein etterspurd seljar, kunne borgarskapet auke rikdommen sin under krigen med å selje mineral, konserver, klede og alle slag halvfabrikata til begge sidene i krigen. Borgarskapet kasta seg ut i intens dyrking av bomull, kaffe og fiber i koloniane, industrien (om enn liten og dårleg utstyrt) arbeidde for full kapasitet; arbeidarane heime og i koloniane,



Småbrukarar og arbeidarar i fiske og jordbruk vart drivne til byane i tusental. Mange av dei enda i slike brakkebyar som på biletet.

saman med fattigbøndene, vart underlagd nådelaus utbytting; bankprofittane rasa i veret, store lag av småborgarskapet i byen og på landet når opp i mellomborgarskapet, og dei mellomstore kapitalistane vert til store; det dukkar opp nye kaksar i koloni-handelen, eksporten og industrien; det er ei spekulasjonstid der svimlende rikdomar vert akkumulert.»<sup>2</sup>

Krigen tydde altså stor ekspansjon for industrien og koloniutbyttinga. Grunnlaget for monopola vart lagt. Ingen ting var meir naturleg for borgarskapet enn å bygge vidare på denne utviklinga. Då krigen var slutt la Portugal opp til ein striks proteksjonistisk politikk. Meininga var å reservere både den innanlandske og koloni-marknaden for det nasjonale borgarskapet, som dimed kunne investere i nye bransjar og produkt, samstundes som landbruket stagnerte. Salazar sin økonomiminister uttrykker det slik:

»Vi la opp til ei industrilovgjeving som reserverte for våre eigne den innanlandske marknaden (...) med det praktiske resultatet å hindre konkurransen, som vi meinte kunne bli for hard, mellom dei nasjonale produsentane, (...) direkte og indirekte sikra vi så høg fortjeneste på industri-investeringar at dei verkeleg dugande industrifolka ikkje berre kunne gjere stor framgang og skape nye kjelder til industririkdom, men og finansiere denne framgangen og voksteren stort sett med sin eigen opptente kapital. Og for dei industrifolka som lite eller inkje ynskta å utvikle seg, har dette vernet gjort at nesten alle har overlevd til no (1966) og utan at dei har misst sjansen til å leve godt eller å plasere pengane i ein og annan leiegård.»

Og han legg til:

»... industriutviklinga var basert på

låge løner, og desse kunne vere låge av di vi heldt matprisane nede ved å fryse dei fast i lange periodar. Vi betalte lite for jordbruksprodukta, men dette førte til at ingen ville investere i denne sektoren.»<sup>3</sup>

Her ligg kjerna i utviklinga etter krigen. Landbruket stagnerte heilt medan industrisektoren voks sakte. Til saman gav dette ei utvikling der Portugal vart meir og meir etter dei andre europeiske landa. Nasjonalproduktet omkring 1970 var 520 dollar pr. innbyggjar pr. år, mot t.d. Spania 770 og Hellas 860 dollar.

To tendensar var tydelege i industrien. Ein del av verksemdene var ikkje internasjonalt konkurranseduglege og flaut berre på tollvernet og dei monopolrettane dei – på korrump eller legal veg – skaffa seg for heimemarknaden. Andre var meir »dynamiske». Anten det skuldast billegare råvarer, hardare utbytting, betre produksjonsreiskap eller betre leining, i alle fall ekspanderte dei.

Men i ein relativt stillestående økonomi som i Portugal, med »lite elastisk» heimemarknad, dvs. lita kjøpekraft hos folk, voks kravet frå denne gruppa om ein meir internasjonal økonomisk politikk. Innanfor dei grensene statsstyret i landet sette fanst ikkje rom for ekspansjon, dersom ein ikkje samstundes skulle få omfattande samfunnsreformer, og det sette dei »verna» monopolgruppene seg mot. Mellomkursen vart at Portugal gjekk med i EFTA i 1958, og frå 1961 vart grensene opna på vid gap for utanlandske investeringar, samstundes som ein i det lengste reserverte visse sektorar for portugisiske grupper, som før.

#### Caetano: »Forandring i kontinuitet»

Sjølvsagt vart dette berre ein mellomstasjon i utviklinga. Monopolborgar-

gruppene med internasjonal tilknytning fekk endå betre vokstervilkår, med ny marknad og kapital frå internasjonal imperialisme, medan innanlandsk industri gjekk frå krise til krise. Før eller seinare måtte dette føre til at den »moderne» storkapitalen var sterk nok til å knuse dei stagnerte.

Etter at Marcelo Caetano kom til makta i 1968 freista nye »teknokratar» med industriminister Rogerio Martins<sup>4</sup> i spissen å reformere økonomien, sanere det gamle, vidareutvikle det nye. Men »dei stagnerte» hadde enno eit vern, i statsapparatet, med kontaktar i byråkratiet frå topp til botn, og det meste av Martins sine reformframlegg fall døde til jorda eller stansa i statsmaskineriet. I røynda var dette ein hard maktkamp, der byråkratiet og dei »gamle» vann ein forebels siger i 1973, då Martins vart sett på porten. Her kan ein plasere opptakten til omveltinga i 1974. Caetano sitt slagord »Forandring i kontinuitet» rekte ikkje til lenger, skarpare lut trongst. Sjølv *statsstyret* måtte i støypeskeia. Frå denne tida finst det altså viktige kapitalistgrupper som var innstilt på endringar av omfattande slag, og sume av dei ser slike endringar som sjølv føresetnaden for å trygge borgarskapet sitt diktatur i Portugal.

### SAMFUNNSTRUKTUREN I PORTUGAL

Medan proteksjonismen etter 2. verdskrigen førte til at små- og mellomborgarskapet voks i tal og økonomisk makt, snudde tendensen for småkapitalistane på 50-talet. Sidan den tid har tusenvis av småverksemdar stansa eller vorte tekne over av større kapitalistar. Det gjekk føre seg ei overlag sterk konsentrering rundt store monopolselskap. Utviklinga kan talfestast slik:

#### UTVIKLINGA AV TALET PÅ KAPITALISTAR (ARBEIDSKJØPARAR)<sup>5</sup>

	1950	1970
1. Jordbruk/skogbruk/fiske	142 131	18 545
2. Industri og bergverk	41 604	21 515
3. Tenesteyting	57 926	33 095
Total	241 661	73 155

Alt i alt er 168 506 kapitalistar slegne ut, eller over 2/3 av dei som fanst i 1950. Hardast har det gått ut over kapitalistane i primærnæringane, men talet på industrikapitalistar er og halvert på 20 år. Hovudtendensen har altså vore at småkapitalistane vart proletariserte, og denne rørsla var sterkast på 60-talet. Ein god del rykte inn som personale med leiarfunksjonar i storverksemdar, bank, o.l. Vi kan og merke oss den relative sterkare posisjonen, tallmessig sett, til tenesteytande næringar — dvs. alt frå handel, hotell, reklame til advokatar og gravferdsbyrå.

#### Jordbruket

Portugisisk jordbruk har stagnert heilt dei siste 10 – 20 åra. Både totalproduksjonen og produksjon pr. jordeining er låg — og betrast ikkje nemneverdig. Småbrukarar og landarbeidarar i hundretusenvis har flydd frå bygdene og landsbyane, medan jordspekulantar har plasert pengar i å kjøpe opp det dei har makta. Matvareimporten til landet har ein måtta auke år for år.

I dag reknar ein at mellom 850.000 og 1 mill. portugisarar (kjeldene varierer noko) arbeider i denne sektoren. Framleis er hovudkarakteristikken av eigeomsstrukturen *storgods* i sørlege og sentrale strok, og *småbruk* - oftast svært små — i

nord. Storgodsjord vert utnytta overmåte dårleg og ligg ofte heilt brakk. Men det same gjeld og mange småbruk. Kor stor prosenten av småbrukarar som er sesong- eller fulltidspendlarar (til Lisboa, Porto og til EEC-landa) er ikkje kjend, men han er høg.

Storleikstilhøva i jordbruket er no slik:

#### FORDELING AV JORDBRUKSJORD ETTER BRUKSTORLEIK<sup>6</sup>

	Tal på bruka	I prosent	Prosent av dyrka areal
1–50 da.	670 000	81	18,5
50–500 da.	134 000	17 9	30,
over 500 da.	9 100	1 1	51,5

(1 dekar (da.) = 1 mål)

Av dei 9.100 bruka over 500 mål, er 488 gods på over 10.000 mål. Desse 488 rår over meir jord tilsaman enn dei 670.000 småbrukarane.<sup>7</sup>

Eit viktig drag ved jordbruket er at omlag 40% av alle bruka er *forpakta*, etter eit komplisert mønster av kontraktar som går frå kapitalistiske »leigebruk» til halv-føydale leilendingstilhøve. Gruppa sjølv-eigande bønder er dimed litt over 15% av alle yrkesaktive i landet. Bruk som driv med leigd arbeidskraft er skrumpa inn til 18 500, og dei fleste har færre enn 5 arbeidarar. Landarbeidarproletariatet har minka kraftig. Godseigarklassa er svekkja, talmessig og i makt, men det er heilt feil å tru at denne gruppa er »ute av spelet». I store delar av innlandet har dei framleis stor makt over folket som bur der.

#### Industrien

98 % av alle verksemdene i Portugal har under 100 arbeidarar, og 86 % har under 10. Alt i 1964 var produksjonstilhøva slik i industrien:

#### PROLETARIAT OG PRODUKSJON I INDUSTRIEN<sup>8</sup>

Storleik på verksemda (tilsette)	Prosent av antall verksemdar	Prosent av alle industriarbeidarar	Prosent av heile industriproduktet
1-100 arb.	98,2	53	42,8
100-300 arb.	1,2		
300- arb.	0,6	47	57,2

Seinare har det gått hardt ut over småverksemdene. Mellomkapitalistane – 4–5 000 i talet – hadde lenge ei privilegert stilling i den økonomiske politikken. Dei vegeterte i ly av statleg vern. Men etter kvart som dei store vart sterkare kom dei i ei vanskeleg stilling. På den eine sida måtte dei streve etter å tilpasse seg dei nye tidene, betre konkurransevna si, finne allierte, osv., samstundes som dei måtte klamre seg til det gamle byråkratiet som dei til fulle kjende og dominerte.

Eit døme på korleis dette gjekk føre seg kan vi hente frå den strukturrasjonaliseringa som Caetano og industriminister Martins la opp til i fiskeindustrien omkring 1970. Denne industrien var svært spreidd langs etter heile kysten, i små einingar med mange arbeidsplassar, gamle maskinar og liten marknadsføringskapasitet. Martins ga desse små einingongsbonus for å legge ned verksemda, men dersom dei fusjonerte med ein annan fabrikk var bonusen dobbelt så høg. På kort tid endra fiskeindustrien karakter. Tusenvis av arbeidsplassar forsvann eller vart flytte til dei store hamnene. Men samstundes var det ikkje så få som med hjelparar i statsapparatet klarte både å tuske til seg bonusen og halde fram verksemda. Effekten av tiltaket vart ikkje så stor som tiltenkt og »kokte bort på vegen.» Slike verknader av motseiingane innafor herskarane i den fascistiske staten

var ikkje uvanlege. Men totalbiletet var likevel at det gjekk føre seg ei uvanleg sterk konsentrering av kapital, med eit dusin verkelege monopolgigantar på toppen. Aller øvst finst 3 familiar med kvar si monopolgruppe: Jorge de Melo (CUF), Champalimaud og Espirito Santo.<sup>9</sup>

CUF (*Companhia União Fabril*) er størst og kontrollerte i 1972 186 verksemder. 80 av desse, åleine, har 34 000 arbeidarar. 10% av heile nasjonalproduktet i Portugal skriv seg frå CUF sine verksemder, som spenner over næringsmiddel, tekstil, bergverk, cellulose og papir, skipsverft, metallverksemder, oljeraffinering, petrokjemi, såpe, bank- og trygdeverksemd, sjøtransport, bustadbygging, handel, hotell, restaurant og kunstgjødsel, omframt einhandelen på kolonien Guinea fram til 1974. Årsinntekt: over 2 milliardar kr.

Champalimaud er mest betydande som finanskapitalist, men kontrollerer også 14 store verksemder. Gruppa har fullt herredømme over sement- og stålindustrien i landet, men driv og i bank og trygding, papir, elektrisitet, glas, sjøtransport, osb. Aksjane i dei 5 største av desse verksemdene var i 1972 verdsett til 10 milliardar kr., meir enn Portugal sitt statsbudsjett det året.

Espirito Santo er nr. 3 og rår over 20 verksemder i trygding og bank, olje, cellulose, gummi, tobakk, øl, telegraf, hotell, osb., og har store interesser i Angola og Mocambique.

Alle desse tre super-gruppene er nært knytte til europeisk og amerikansk monopolkapital, og dei er vest-imperialismen sine fremste talerøyr i Portugal, ved sida av utlendingane sjølve.

### UTANLANDSKE INVESTERINGER

Utanlandske interesser har vakse sterkt frå midten av 60-talet. Portugal har lenge

vore i ei mellomstode: på ei side engelsk (og belgisk) halvkoloni, på hi sida den største kolonimakta i verda. Det nye er at vest-tysk, amerikansk og fransk kapital i stor mon har kome i staden for (eller sigla forbi) engelsk. Mest alle dei store internasjonale monopola er på plass, med ITT, Siemens, IG Farben som dei mest synlege.

Mange utanlandske investeringar gjeld arbeidsintensive industrier med relativt enkelt teknisk utstyr (tekstil, sko, o.l.), ofte basert på tollfri import av råvarer, billeg arbeidskraft i Portugal og deretter tollfri reekspport. Det meste av investeringane er direkte, slik at investor kan kontrollere bedriften, jamvel om han berre har ein del av kapitalen. Situasjonen i nokre viktige næringer går fram av denne tabellen.<sup>10</sup>

Næring	Arbeidskraft (talet på tilsette)	Del av produksjonen kontrollert av utlendingar, i prosent av totalproduksjonen for sektoren
Jordbruk	969.000	4
Fiske	31.400	0
Gruvedrift	15.500	50
Industri	455.000	31
Matvarer	69.100	12
Tekstil	120.800	12+
Kork, trevare	84.600	14
Papir/masse	10.900	43
Grafisk	17.700	25
Gummi	5.100	72
Kjemisk og olje	32.900	48
Metalurgisk og maskiner	153.400	38
Elektriske maskinar	15.600	81
Transportmateriell (særleg bilmontering)	49.400	62
Bygg og anlegg	259.800	4
Elektrisitet/gass	15.500	13
Handel	224.300	28++
Bank og trygdela	42.600	3-34+++
Hotell og personleg tenesteyting		44

+ Konfeksjon og sko: 28 %.

++ Nesten berre på grossistledet.

+++ Bank: 3 %, trygdela: 10 %, omsetnad av fast eigedom: 34 %

Utlendingane har altså stor kontroll over nøkkersektorane i økonomien, og sjølv om denne kontrollen ikkje er av ny dato, er det å merke seg at han er aukande.

Men mange imperialist-bedrifter har etablert seg i Portugal berre for å få innpass i koloniane, og det er uvisst korleis dei vil reagere på eit avkolonisert Portugal.

### TILHØVET MELLOM NÆRINGSGREINENE

Ser vi på styrketilhøvet mellom næringsgreinene, er biletet at industri og tenesteyting har styrkt seg på landbruket sin kostnad. I 1950 arbeidde 47% av portugisarane i jordbruk og fiske. No er talet 28%. Slik har stoda utvikla seg dei siste åra:

#### NÆRINGSGREINENE SIN DEL AV ARBEIDSKRAFT OG PRODUKSJON<sup>11</sup>

	Prosent av alle yrkesaktive		Prosent av brutto nasjonalproduktet (BNP)	
	1968	1972	1968	1972
Jordbruk				
skogbruk				
fiske	32,3	28	19,0	16,2
Industri	36,2	34	42,2	43,3
Tenesteyting	31,6	38	38,8	40,5

80% av alle portugisarar er no lønsmotakarar eller forpaktarar. Den største klassa er arbeidarklassa, med industri-

proletariatet som det dominerande elementet. Halvparten av industriproletariatet arbeider i verksemdar med over 300 tilsette. Samstundes er dette proletariatet sterkt konsentrert til Lisboa- og Portoområdet, der halvparten av denne klassa og mest alle dei største fabrikkane finst.

### EMIGRASJONEN

Eit serdrag for portugisisk arbeidsliv er utvandringa av arbeidskraft. Landet hadde i 1970 noko over 8,5 mill. innb., og samstundes budde det over 1 mill. portugisiske framandarbeidarar og familiemedlemer rundt om i Europa. »Eksporten av arbeidslause» har gått rasande snøgt for seg dei siste åra. Sume kalkulerer med 150.000 nye emigrantar om året. Folketalet har gått kraftig ned i jordbruk- og fiskeområda, og endå sterkare enn emigrasjonen skulle tyde på. Samstundes med at Paris er vorten Portugals tredje største by, har det gått ein straum av folk til Lisboa og Porto-områda, som dimed både absolutt og relativt er vortne større.

Emigrant-arbeidarane representerer eit stort problem for stabiliteten i den borgarlege samfunnsordenen dersom kriser ute i Europa skulle føre til at dei vert sende heim. Portugal kan ikkje absorbere all denne arbeidskrafta, og resultatet av slike europeiske arbeidsløys-kriser vil vere at børen for den portugisiske arbeidarklassa vil bli ekstra tunge.

#### NOTER

1. Francisco Martins Rodrigues: As classes sociais em Portugal, s. 5 Stensil, Lisboa 1967.
2. Same stad.
3. Correia de Oliveira, i Diario de Lisboa, august 1966.
4. Sjø Rogeiro Martins: Caminho de pais novo, Lisboa 1970.
5. Etter Folketeljingane 1950 og 1970, gjeve att frå Eugénio Rosa: Problemas actuais da economia portuguesa, Lisboa 1974, s. 144.

6. Etter Rosa, s. 38.

7. Etter Rosa, s. 88.

8. Etter João Martins Pereira: Pensar Portugal hoje, Lisboa 1974, s. 74-75.

9. Etter Rosa, s. 145-148.

10. Etter Luis Salgado de Matos: Investimentos estrangeiros em Portugal Lisboa 1973, s. 145-204.

11. Etter L'Observateur de l'OCDE (OECD) nr. 44, febr. 1970, sitert i Blasco H. Fernandes: Portugal através de alguns numeros, Lisboa 1970, s. 41, og boka vi har nemnt av Rosa.

## KRISE I BORGARSKAPET

Dei store endringane i portugisisk næringsstruktur som vi har peikt på, førte til ei langvarig og djuptgåande krise i borgarskapet. Økonomisk var dei siste åra av fascismen merkt av aukande inflasjon (til ca. 30 % om året), aukande underskot på handelsbalansen med utlandet, osb. Politisk misste regimet tiltru, kritikken vaks overalt og i alle lag av folket, streikekampane tok seg opp. Uroa voks, og fleire og fleire skjøna at noko drastisk måtte til. Fascistane freista med ei viss liberalisering av sensuren, organisasjonsfridomen og liknande, men slike tiltak var berre lappverk, og desse konsesjonane grov berre grava enno djupare.

Vi kan samanfatte dei mest grunnleggjande kriseskapande faktorane i tre stikkord: *kolonikrig, kapitalskort og fallande profitt.*

### Krigen

Kolonikrigen mot folka og frigjeringsrørslene i Angola, Mocambique og Guinea-Bissau byrja i 1961, og først i 70-åra var Portugal lenger unna ein siger enn nokon gong. Motstanden berre auka og auka, og det var tydeleg for alle som ville sjå at krigen i røynda var tapt. Samstundes vart han dyrare og dyrare for Portugal. Dei siste åra gjekk *halvparten av statsbudsjettet til krigføringa* i Afrika. Mennesketapet var også stigande. Omframt ei handfull kapitalistar med interesser i Afrika, var det få i Portugal som såg noka mening med krigen, trass i den omfattande propagandaen regimet hamra på. Både nasjonalt og internasjonalt tente dette til å isolere regimet.

Det var altså den kampen dei afrikanske folka førte som løyste ut krisa i fascismen. Når sume borgarar no vil ha det til at maktskiftet i Portugal «ga» afrikanarane fridomen, er dette å setje tinga på hovudet.

### Kapitalskortet

Det var korkje omsut for afrikanske folk eller portugisiske soldatar som førte til at ein stor del av dei portugisiske borgarane etter kvart vart motstandarar av krigen. Forklaringa ligg på det økonomiske planet.

Når krigen slukte så mykje pengar, vart det tilsvarende lite att for den sivile økonomien. Dermed hamna den såkalla infrastruktur (transport, energi, skular, sjukehus, osb.) i bakleksa. Generelt er slik infrastruktur vilkår for at ein skal ha ein moderne, utvikla kapitalisme. Men konkret og i første hand har dette spørsmålet ei anna side for borgarskapet: rådveldet over den kapitalen staten akkumulerer gjennom skattar og avgifter. For monopolkapitalen er slik statskapital ein av dei viktigaste måtane å finansiere sin eigen ekspansjon på, dels gjennom dei kontraktane infrastrukturbygging gjev dei, dels ved direkte kredittar og gåver til utbygging av monopolkapitalen sitt produksjonsutstyr, dels – og kan hende viktigast – ved at statleg akkumulert kapital blir stillt til disposisjon for monopolkapitalen sine finansoperasjonar, slik at han kan dirigere heile næringslivet.

Om krigen skulle halde fram, kunne dei portugisiske monopolkapitalistane berre vente liten vokster i denne delen av den



Eit kvinnekompani frå FRELIMO i Mocambique. Det var frigjeringskampen i dei portugisiske koloniane i Afrika som skapte grunnlaget for den krisa som felte fasciststyret i Portugal.

kapitalen dei rår over, og krigen hadde dimed vorte ei bremse på ekspansjonen deira.

### Fallande profitt

Arbeidslønene i Portugal var – og er – låge. Det var medviten politikk frå fasciststaten å halde dei låge, samstundes som arbeidarane sine organisasjonar var så undertrykte at arbeidarklassa ikkje var i

stand til å føre skikkeleg kamp for å betre levekåra sine.

Den andre sida av medaljen, sett frå kapitalistane sin synsstad, var at kjøpekrafta var så lita mellom folk. Dette sette grenser for kapitalistane sin ekspansjon.

I tillegg kom så problemet med *den låge produktiviteten*. For å halde oppe profitten sin kan kapitalisten *auke prisen og tvinge ned produksjonskostnaden* pr. ei-

ning. Den »uelastiske» heimemarknaden sette tak for kor høge monopolprisar ein kunne ta. Og å auke produktiviteten, eller med andre ord å senke produksjonskostnaden ved å lage fleire einingar på same tida, synte seg å reise problem som rørte ved grunnlaget for det fascistiske diktaturet. Noko av årsaka til lågproduktiviteten var nok å finne i produksjonsutstyret, teknologien, men det avgjerande var »effektiviteten hos arbeidskrafta», dvs. utsveitinga av arbeidarane. Den fascistiske staten rådde ikkje over den reidskapen som trøngst for å få arbeidarklassa til å godta å arbeide fortare og hardare: reformistiske fagforeningar.

### Liberalisering og klassesamarbeid

Den opne valden, pisk og bajonett, er ein metode borgarskapet tyr til når det ikkje kan stogge kampen arbeidarklassen fører med andre middel. Denne metoden tener til å presse lønsnivået ned, men han hjelper lite til å drive arbeidstakten opp over eit visst nivå. Dersom arbeidarane i staden er organisert i frivillige, legale organisasjonar med leiarar som står på ei *klassesamarbeidslinje* og kontrollerer medlemene organisatorisk og politisk, då er vegen open for rasjonaliseringar, tempoauke, hovudavtalar osb.

No er den korporative staten i teorien ein »klassesamarbeidstat». Arbeidarane og arbeidskjøparane er med lovpåbod pålagt

å samarbeide »til beste for nasjonen» i felles organisasjonar, dei sk. korporasjonane. I røynda er korporasjonane kontrollerte av borgarane. I Portugal var det mest ingen arbeidarar som let seg lure til å gå inn i dei fascistiske »sindicatos», og desse fungerte mest berre som reine undertrykkingsorgan. Samarbeid vart det lite av.

Problemet for monopolkapitalen var å få arbeidarane inn i fagforeningane under eit leiarsjikt som hadde autoritet over arbeidarane og kunne føre ut borgarskapet sin politikk i fagrørsla. Caetano freista i 1968-69 å »liberalisere» fagrørsla, men dette førte snøgt til at arbeidarane valde leiarar som sto på kamplina, og liberaliseringa truga med å bli eit trugsmål mot borgarskapet og deira stat. Caetano stramma fort inn tyglane.

Eksperimentet synte at også på dette punktet sto den korporative staten i vegen for utviklinga av produksjonen i landet. Det opne terror-diktaturet sine dagar var talde. Ei eller anna form for borgarleg »demokrati» laut finnast, og det så mykje meir som diktaturet hadde vorte »ei tung politisk bør» for dei allierte imperialistane. Eit slikt »demokrati» var vilkåret for nærare tilknytning til EEC, strukturrasjonalisering, moderne kapitalistisk infrastruktur, »fredelag» plyndring av koloniane, samstundes som det kunne ta brodden av den veksende misnøyen i arbeidarklassen og folket.

## RØRSLA I DEI VÆPNA STYRKANE OG »ATTERREISNINGSPROGRAMMET»

Det siste året av fascist-styret i Portugal vart merkt av tilkvesing av motseiingane i borgarskapet, aukande ustabilitet i økonomien (inflasjon opp mot 30 %) og eit stendig meir isolert regime. Ei viss sosial uro var og i vekst.

Dette spegla seg av i heren, som til då var rekna som ein trufast garantist for regimet. 4 skilde straumdrag dukka opp, med kvar sin politiske profil.

**1. Ei gruppe ekstremt reaksjonære offiserar**, samla rundt general og tidlegare guvernør i Mocambique, Kaulza de Ariaga. Dei meinte Caetano var for veik, og ville »total krig i Afrika». I desember 1973 la dei opp til kupp, men dette vart forpurra av MFA.

**2. Caetano sine lojale generalar**, udugelege folk som hadde fått sine posisjonar av di dei kom frå fine familiar. MFA-offiserane la det hædande utnamnet »rèmatisme-brigaden» på denne gruppa.

**3. General Spinola**, gamal hardkokt fascist heilt frå den spanske borgarkrigen. Han er ein nær ven av Champalimaud og de Melo-familien (CUF). Spinola skjøna at krigen »ikkje kunne vinnast militært, berre politisk». Han la fram ein politisk plan for Afrika: Portugal skulle »gje» »sjølvstyre» til dei afrikanske koloniane mot at dei gjekk inn i ein føderasjon med Portugal. I røynda var dette eit nykolonialistisk opplegg som historia alt hadde køyrd forbi. Frigjeringsrørslene var for sterke til å la seg lure av ein så openberr imperialistisk plan for å halde fram plyndringa av Afrika som for.

**4. Kapteinrørsla, seinare omdøpt MFA (»Rørsla i dei militære styrkane»)**. Utgangspunktet for denne rørsla var reint »fagleg»: strid om eit regjeringsdekret som endra forfremjingsreglane mellom krigsakademi- og befalskuleutdana offiserar. Frå juni 1973 starta ei protestbylgje mellom akademi-offiserane, med organiserte underskriftsaksjonar, hemmelege møte, osv. Regjeringa sto på sitt, logisk nok, for det gjaldt å rå bot på offiser-skorten i heren. MFA utvikla etter kvart ei rad politiske krav som gjekk lenger og lenger, samstundes som gruppa vart betre organisert. Hovudstolpane i tenkinga var:

– Krigen er meiningslaus, han utarmar Portugal, og berre nokre få storkapitalistar tener på han.

– Heren får »ansvaret» for krigen, og dette skadar heren sin »prestisje». Denne prestisjen kan berre vinnast att ved å få slutt på krigen og gjennomføre »demokratiske reformar» i Portugal og i heren (t.d. *val* av generalar ut frå stridsdugelek).

*I desember 1973 klarte MFA å avsløre og torpedere eit høgrekupp, og i same prosessen vart kontakten med Spinola gjort. Deretter tar tankane om »ei drastisk avgjerð» snart form, politiske sonderingar med alle opposisjonelle, m.a. monopolborgarar, revisjonistane, sosialdemokratane og høgrepolitikarar. Eit program der fred i Afrika og demokratiske reformar i Portugal var hovudsakene, vart snekra saman. Caetano-folka visste – etter det ein kan skjønne – kva som var i gjære, men var isolerte og handlingslama. MFA kunne*



Ein agent for det fascistiske tryggingspolitiet PIDE vert gripen av masane på gata.

*så og seie i ro og mak setje fast dagen og timen for maktovertakinga, som altså gjekk føre seg 25. april 1974 og mest utan motstand frå regimet.*

#### MFA («Rørsla i dei militære styrkane»)

Frå den dagen er MFA den statsberande gruppa i Portugal. Det er difor god grunn til å sjå nærmare på kva MFA er og kva rørsla står for.<sup>12</sup>

MFA har 2–300 medlemmer, yrkesoffiserar rekrutterte frå mellomhøge offisersgradar. Klassemessig kjem mest alle frå småborgar- og funksjonærsmiljø i småbyane, frå familiar utanfor Lisboa og Porto som ikkje hadde råd til å sende sonen på universitetet, og difor sende han til militærakademiet, som var gratis. Under fascismen kunne dei ikkje rekne med å rykke opp i general-rekkjene, av di desse var reservert for sønene til «fine» familiar og pengefolk.

Politisk står MFA for ein borgarleg, ofte småborgarleg radikalisme og liberalisme. Dei er «anti-monopolistar» og «fol-

kelege» i stilen. «Spontan-demokratat», har nokon kalla dei. Samstundes krev dei «vornad for standen sin», og når dei dyrkar «o povo» (folket), er det med klart paternalistiske drag. Ideologien i gruppa er mangslungen, og han har utvikla seg i det året som har gått. To sermerke er verd å peike på: *ideane om å forsone klassekreftene i landet med kvarandre, og ideen om at heren står over klassane, representerer «folket sin vilje», osv.* I den storstilte eigenreklamen dei driv for seg sjølve, er «25. april» alt vorten ein myte og Dei Væpna Styrkane ein «heilag» institusjon.

Etter kuppet i fjor har statsmakta i Portugal vore i MFA sine hender. Ei tid tala militæranne om å gje makta over til sivile politikarar så snøgt råd var, men no er denne fristen vorten 3-5 år. Det finst berre ein karakteristikk på eit slikt regime: *militærdiktatur*. Til no har det ikkje vore eit terroristisk høgrediktatur, rett nok, men med dei tendensane som er nemnde ovanfor ville det vere naivt å tru at det ikkje *kan* bli det, og det på heller kort tid.

## »MODERNISERING» AV KAPITALISMEN

MFA har lagt fram ein økonomisk plan for »atterreising» og »modernisering» av den portugisiske kapitalismen. Ein borgarleg plan, med andre ord. Og han skal setjast ut i livet med militærmakt som ystte tvangsmiddel. MFA har den siste tida vore inne på lina med å krevje »truskapseid til planen» frå alle som vil

# MFA, POVO



# POVO, MFA

Teksta tyder: »MFA, Folket – Folket, MFA». Frå propagandaen MFA fører ut i »popularitetskampanjene» sine.

vere med i portugisisk politikk. Undertrykkinga av dei som går mot planen har alt starta. Første tiltaket var å forby eit venstreparti og nekte eit annan å vere med i valet. Turen kjem snart til dei andre på venstresida, tek ein ikkje mykje i miss.<sup>1 3</sup>

Problemet med gjennomføringa av planen er massane og arbeidarklassen, og motseiinga mellom massane sine krav og bergingsplanen for kapitalen vert ikkje på nokon måte løyst av planen. Tvert om, ho vil måtte skjerpast.

I planen vert arbeidarklassa mana til »sparsemd», og »disiplin» og »atterhald». Streikeretten vert rettkjend, men . . . – og så fylgjer lange regler om »historisk ansvar», »offer», »hardt arbeid» og åtvarande ord mot »anarkistiske metodar», »ultra»ultratolsemd», osv. Kort sagt: *trugsmål mot arbeidarklassen, krav om at arbeidarane skal bøye nakken og godta borgarskapet sin politikk.* Den krisa som borgarskapet er inne i skal lessast over på arbeiderane sine skuldrar.

Samstundes er det klårt at MFA vanskeleg kan stille klokka heilt attende til fascismen, for det er ein viktig del av planen at arbeiderklassen trur på og aksepterer planen. Illusjonar om »medstyre», »arbeidarinnverknad» osv. må haldast levande, elles blir det umogeleg å få opp »produktiviteten». Ideologiske leiarapparat må skapast, anten det blir borgarlege »arbeidar»-parti eller eit militært leia indoktrineringsapparat som blir reiskapen.

Nett no ser det ut til at MFA satsar på å få til ei blanding av bae. Heren køyrer ut popularitetskampanjar (rundreiser i landsbyar og byar o.l.) medan »arbeidarpartia» – serleg revisjonistane og sosialdemokratane skal ta seg av fagrørsla. Foremålet er å setje »lokk på» massekampen, først og fremst ved ideologisk påverknad, og di nest – dersom dette ikkje strekk til – med militær vald.

### »ATTERREISINGSPLANEN»

I februar i år hadde sjefsideolegen i MFA, noverande utanriksminister Melo Antunes, planen ferdig. Slik er dei viktigaste sakene i han:<sup>14</sup>

– Portugal skal gå gjennom ei tid med »djupe sosiale reformar» og »demokratisering». Hovudvilkåret for at dette kan lukkast, er »avkolonisering». Det gamle fascistiske statsapparatet må bort og eit nytt byggjast opp.

– Den overordna rettesnora for økonomien er »nasjonal atterreisning» etter øydeleggingane til det gamle »falleferdige, udugelege og korrupte» systemet. »Klassekampen må t.d. underordna denne nasjonale atterreisninga», sa Melo Antunes i portugisisk fjernsyn då planen vart lagd fram. Alle som ikkje godtek dette, tener »kontrarevolusjonen».

– Planen tar sikte på å skape eit »meir rettvisst samfunn», med meir »jamlikskap», betre »inntektsfordeling», meir »balanse i privat konsum», osv. Eigedomsretten og retten til »privat initiativ» skal heldast oppe, så lenge dei ikkje strir med landet sine »reelle interesser». Ein slik strategi tyder i røynda at den politiske makta må kontrollere og styre den økonomiske,» seier planen.

– Atterreisninga av kapitalismen skal vere »anti-monopolistisk», dvs. *gje mest stød* til mellomstore og små verksemdar og *kontrollere* dei største.

– »MFA vil ha rollen som avant-garde i denne omformingsprosessen.» Og vidare: »Frå portugisarane vil det bli kravd mykje arbeid og total oppslutning om den nasjonale atterreisings-saka. Auke i absolutte tal for den nasjonale produksjonen er heilt naudsynt. Dette målet kan ikkje bli



5000 arbeidarar frå den største verven i Portugal, Lisnave, trassar forbodet frå MFA og sabotasje-freistnadene frå PCP for å demonstrere mot anti-streikelova i Lisboa 12. september 1974.

nådd utan at dei arbeidande klassane har ei djup og ålmenn overtyding om at fruktene av arbeidet deira og innsatsen deira i siste instans vil vere til gagn for dei sjøve». Deretter fylgjer alle dei átvaringane vi har nemnt. Dersom folket sluttar opp om MFA-planen vert dei lova betringar serleg i »offentleg konsum» (transport, skular, sjukehus, osb.).

### REFORMANE FREMJAR STATSMONOPOLKAPITALISME

Så langt den generelle delen av planen. For nordmenn ligg det nær å tenkje på DNA og atterreisninga etter krigen, endå om mykje er annsleis i Portugal 1975. *Klassesamarbeid* er grunnemnaren, politisk demobilisering av arbeidarklassen føresetnaden for å modernisere kapitalismen.

At målet er å gjere Portugal til ein moderne, kapitalistisk stat med *sterk vekt på statsmonopolkapitalisme* det ser ein av dei konkrete tiltaka planen legg fram:

– »Det offentlege» skal ha stor kontroll over økonomien. Delar av kreditt- og bankvesenet skal nasjonaliserast, serskilte statsbankar (til industri, landbruk, osb.) skapast.

– Staten skal ta kontrollen over minst 51% av aksjekapitalen i verksemder som desse: det meste av bergverk og olje, i jern- og stålverk, petrokjemi, tobakk, våpen og elektrisitetsproduksjon. I andre sektorar skal reine statsverksemder reissast, t.d. i kunstgjødsel, møller og metallindustrien. Desse skal konkurrere på like fot med private.

– Alle landeigedomar på over 500 mål vatningsbar mark skal eksproprierast (mot vederlag), dersom dei ikkje kan vise tilfredsstillande høg produktivitet. Den

eksproprierte jorda skal drivast som statsbruk eller på kooperativt vis.

– Staten skal ta over det meste av kapitalen i transportverksemda, og i fiskeindustrien skal det opprettast statsverksemder.

– Ei offentlig verksemd skal ha monopol på import av korn, kjøt, sukker, fisk, mm., og skal vidare engasjere seg i eksport.

– Kommunane skal ha råderetten over all tomtegrunn i byane.

– Andre tiltak er: priskontroll, produksjonsreguleringar, statleg intervensjon i nøkkelveksemdar (t.d. skipsverft), meir effektivt skatte- og kontrollvesen.

– Gradvis innføring av »bedriftdemokrati», innføring av arbeidsløysetrygd og subsidiar til verksemder som trugar med å gå i stå.

– Elles inneheld planen ei svært lang liste av tiltak som gjeld skatt, trygder, skulestell, helsestell, og mangt anna. Dei fleste er som skorne rett ut av programmet til eit moderne, nordisk sosialdemokratisk parti. Utanlandske investeringar vert helsa velkomne, men det er sett grenser for kva sektorar dei kan verke i, og dei får berre ta heim 15% av den investerte kapitalen årleg som fortjeneste.

### BAKGRUNNEN FOR KUPPFORSØKA I 74 OG 75:

#### SPRIKANDE TAKTISKE LINER I BORGARSKAPET

Atterreisingsplanen tar sikte på å gjere Portugal til eit land som vert styrt etter dei mest utvikla kapitalistiske prinsippa i Vest-Europa. Det må vere lov å stille seg svært skeptisk om det er mogeleg å få eit land som Portugal til å gjere eit slikt



Spinola driv PR-kampanje for seg sjølv for å førebu kuppfreistnaden 28. september 1974. Her skriv han namntrekket sitt på kledda til ein av dei mest populære tyrefektarane i Portugal.

»rykk», og slett ikkje på 3 år, slik planen seier.

Korsom er, MFA har i alle fall teke til å setje planen ut i livet, og med ei viss kraft. I banksektoren har ein alt gått lenger enn planen seier (staten dominerer no heile sektoren), og delar av tungindustrien skal snart gjerast til statsverksemder (skrivnen midt i april). Og no er det at sprikande taktiske liner tar til å dukke opp i det portugisiske borgarskapet.

For å studere dette går vi attende til våren 1974. Alliansen MFA-Spinola sat med makta, og det sams programmet tala i vage ordelag om «ein ny økonomisk politikk som skal tene det portugisiske folket . . . dei minst privilegerte

. . . kamp mot inflasjonen og ein anti-monopolistisk strategi.» Etter som tida gjekk dukka motsetningar opp på to felt:

**1. Krigen i Afrika.** MFA ville at Portugal skulle komme seg ut av alle koloniane så snøgt som mogeleg. Spinola kunne gjerne sjå Guinea-Bissau fare, og til naud Mocambique. Angola, derimot, som er det langt rikaste landet, ville han og dei han representerer halde på.

**2. Den økonomiske politikken.** Eit slags «selskap», MDE/S, som i røynda var toppen av monopolkapitalistane i landet, la i oktober 1974 fram ein plan som tydeleg syner kva taktikk dei ynskte.<sup>15</sup> Planen gjekk ut på å konsentrere kjempeinvesteringar – statsmidlar og utanlandsk

kapital for det meste – til eit lite antal prosjekt. Slagordet dei brukte var »Med investeringar på 30 milliardar kr skal vi skape 100 000 arbeidsplassar.» *For det første* ville dette tyde at kvar arbeidsplass vart 5 gonger så kostbar som det t.d. Verdsbanken set som »norm». *For det andre* var mest alle prosjekta slike som desse monopolkapitalistane sjølve hadde hand om, direkte. Dette ville – *for det tredje* – føre til ei endå snøggare konsentrering av monopolkapitalistisk makt enn før. Eit *fjerde* punkt var at staten berre skulle ha overvåkande funksjonar og ikkje sjølv utvikle seg som monopolkapitalist.

Skilnaden mellom dette og MFA si linje er klår. Monopola drøyer om å sope til seg så mykje som råd er, over alle småkapitalistar sine lik, og utan å ofre dei politiske resultatane av ein slik politikk serleg interesse. MFA freistar å leggje opp ein langsiktig taktikk for sjølve kapitalismen si overleving. Objektivt er denne ikkje i motstrid med monopola sine interesser – tvert imot. Men subjektivt kjenner sume monopolkapitalistar seg truga og reagerer med opposisjon, frå investeringsstans og annan økonomisk sabotasje til freistnad på open revolt.

Det er i dette lyset ein skal sjå kuppforsøka 28. september 1974 og 11. mars i år. Gamle fascistiske politikarar og offiserar (og dei finst i hopetal, med di svært få er reinska ut) i allianse med ein og annan hysterisk kapitalist har kasta seg ut i desperate kupp.

Det er ikkje berre den organisatoriske styrken til MFA og upopulariteten til desse fascistane som har stansa kuppet. Kan hende den viktigaste støtta for regimet ligg i at det portugisiske industriforbundet – CIP – som seier seg å representere over 40 000 kapitalistar, til denne dag har gjeve varm fagnad til MFA sin politikk, med daglege reklameinnslag i

TV, t.d. Og Champalimaud og CUF er ikkje blinde for dei langsiktige interessene sine. Sjølv om dei ikkje fekk igjennom »maksimumsprogrammet» sitt, har dei heller ingen grunn til å fortvile, objektivt sett.

Men dermed er det ikkje sagt at dei ikkje er sterkt ottefulle for kursen til MFA – om lag som Lorentzen og Libertas ottast DNA sin »formyndarstat». *Eit fascistisk kupp kan enno tenkjast i Portugal.*

## VI MÅ STILLE SPØRSMÅLET »FOR KVEN!»

Skal vi dra nokre konklusjonar om klassekarakteren til hendingane i Portugal, må det bli om lag slik:

I dei siste åra kom det fascistiske systemet i Portugal opp i ei uløseleg krise. Grunnlaget for denne krisa er først og fremst dei militære nederlaga i Afrika. Samstundes har systemet stått i veggen for ei utvikling av økonomien i Portugal og truga med å utløyse ein kvass klassekamp i landet sjølv. For å løyse denne krisa for det portugisiske borgarskapet trengte dei ein reiskap og ein plan. MFA tente som reiskap, og »atterreisingsplanen» vart utforma på under eit år. Planen tar sikte på å løyse to ting på ein gong – motseiingane herskarklassen sjølv har kome opp i, og dei som har utvikla seg mellom det arbeidande folket og herskarane.

Jamført med fascismen har stoda betra seg mykje for det portugisiske folket, *i sær når det gjeld vilkåra for å føre klassekamp.* Dei borgarleg-demokratiske rettane dei har vunne er ikkje gåver frå borgarane, men naudsynte taktiske konseksjonar borgarskapet gjev for å freiste å tryggje framtida si, det vil seie eit meir varig diktatur over arbeidarklassen. Samstundes er dei nye spatak i borgarklassen si eiga grav.

# ARBEIDARKLASSEN: KAMPVILJUG OG KAMPDUGELEG. REVISJONISTANE VERT SETNE INN MOT MASSERØRSLA

*Analysen til no har konsentrert seg om herskarklassen og deira problem. La oss sjå litt på tilhøva i arbeidarklassen og folket. Dette vil vi ta opp grundigare i ein artikkel i neste nummer, så vi tar berre med hovuddraga denne gongen.*

Folkemassane i Portugal var undrande tilskodarar til hendingane 25. april 1974. Etter 48 år med fascisme kom »berginga» frå den kanten ein minst venta henne: frå den fascistiske heren. Sjølvsaugt slutta folket opp om dei tiltaka MFA straks annonserte: slutt på krigen, demokrati, lønsauke, osb. Gledesjubelen ville ingen ende ta. 1. mai vart ein kjempemanifestasjon av denne gleda. Den lange, mørke natta var over.

Det sermerkte for landet var at det knapt fanst organisasjonar av noko slag. Det einaste tilletne partiet, det fascistiske ANP, var knapt noko mein enn ein slags losje. Under jorda fanst det forbodne Partido Comunista Português (PCP), eit ekstremt Moskva-tru revisjonistparti som berre hadde den formelle organisasjonsstrukturen att av leninismen. Nokre små marxist-leninistiske organisasjonar fanst her og der. Dei fascistiske fagforeiningane gjekk ingen »skikkelege» folk i.

## ARBEIDARKLASSEN ORGANISERER SEG TIL KAMP

Dette biletet endra seg utruleg snøgt. På nokre dagar og veker nådde portugisiske arbeidarar eit organisasjonsnivå og ei

kampkraft det står all respekt av. Overalt sto det fram kamporganiseringar av alle slag. Nokre døme: den 2. mai starta ei bylgje av husokkupasjonar. Den 7. mai var nesten heile tekstilindustrien i streik, og folk i andre industrigreinene fylgde etter. Det vart skipa anti-fascistiske komitear overalt, og i skular, verksemder og kontor organiserte folk allmannamøte som »sanerte» dei gamle, fascistiske sjefane, heiv dei ut, kort og greitt. Og folk tok til å arrestere dei forhatte PIDE-agentane (det hemmelege politiet) på open gate.

Politiske parti spratt opp i hopetall – ei kort tid var det oppimot seksti. Leiaren for det sosialdemokratiske partiet PS, som hadde vorte stifta i Vest-Tyskland året før, Mario Soares, kom heim, og hakk i hæl kom sentralkomiteen i PCP, som dei siste 16 åra hadde sete i Moskva.

Utetter sumaren og hausten organiserte arbeidarklassen ei lang rad med store streikar og aksjonar for krava sine: betre løn og betre arbeidstilhøve, mot kapitalistar som freista kaste dei på gata og stikke av med pengane, mot fascistiske freistnader på organisering av reaksjonen, mot krigen, mot NATO-øvingar utanfor kysten av Portugal, for skikkelege husvære, og mykje anna. Borgarskapet starta ein smygande sabotasje av økonomien, serleg ved å utsetje investeringar, og dette førte til aukande arbeidsløyse. Mot dette mobiliserte nokre fagforeiningar i Lisboa



Arbeidardemonstrasjon i Lisboa 7. februar i år, skipa til mot vilja til PCP og MFA. 20 000 arbeidrar var med, mellom anna med krav mot arbeidsløysa og NATO-medlemskapen. Som ein ser, vart demonstrasjonen verna av soldatar endå MFA vende seg mot tilskipinga!

til ein kjempedemonstrasjon 7. februar i år. Arbeidsløysa nærmar seg no 300 000, eller over 10 %.

Arbeidarklassen sin kampdugleik gjekk langt ut over det MFA og borgarane hadde tenkt seg, og bremsene vart slegne på. Eit etter eit kom tiltaka for å halde massekampen i sjakk: forbod mot å kritisere MFA, «fagforeningsloven» som skulle gjere det mest umogeleg å streike, arrestasjonar av progressive, forbod mot anti-krigsdemonstrasjonar, og meir til. Gong på gong vart heren send ut for å stanse demonstrasjonar, streiker, okkupasjonar. Aviser vart suspenderte.

Men slike tiltak var ikkje serleg effektive. Det hende til dømes ofte at soldatane som skulle spreie folkemengda ga seg til å diskutere med folket og enda med å stø krava. Anti-streikeloven brydde ingen seg om, han vart ein rein papirlov.

### REVISJONISTANE TAR ANSVARET FOR Å SLÅ VATN PÅ ELDEN

Men borgarskapet hadde eit anna våpen å sette inn: revisjonistane i PCP. I byrjinga hadde partiet mykje tiltru mellom folk, som det einaste som hadde arbeidd trutt under fascismen. Medlemstalet gjekk opp

frå 5000 (i mai) til 40 000 (i oktober), etter PCP sine egne oppgåver. Denne til-liten fekk for mange ein brå ende. Leiinga i PCP kasta seg frå første stund inn i eit frenetisk arbeid for å stogge masse-kampen.

»parallele» splittingsorganisasjonar, trugs-mål, i nokre høve endå til fysisk vald (serleg frå ungdomsorganisasjonen MJT), møteforstyring – lista kan gjerast mykje lenger.

PCP sat sjølv i den regjeringa som forbaud demonstrasjonar mot krigen og til stønad for frigjeringsrørslene, det var med på å lage anti-streikeloven, dei gjekk i tale og i skrift mot massane i radio, TV og aviser. I det heile ein gigantisk innsats i reaksjonen si teneste, som vi vil analysere grundig i neste nummer.

### PCP VIL SKAPE EIT HIMMERIKE FOR ARBEIDARARISTOKRATIET

Politikken til PCP etter 25. april er heilt i samsvar med »to-fase-reorien» deira.<sup>16</sup> Etter han er Portugal no inne i ein fase der det gjeld å *stabilisere* økonomien og samfunnskraftene, bygge opp ein stats-monopolistisk sektor i produksjonslivet (der det ventar feite pampestillingar) og »bygge ut demokratiet», dvs. det borgarlege demokratiet. Det har vore spekulert på om PCP og sosialimperialistane i Kremllanlegg ei statsovertaking ved kupp.

#### NOTER:

12. Det finst fleire meir eller mindre gode framstillingar av MFA. Eg har henta stoff frå Rodrigues/Borga/Cardoso: *O movimento dos capitães e o 25 de abril*, Lisboa 1974.

13. MRPP vart forbode og AOC (valfront for PCP(m-l)) vart suspendert frå vala. Revisjonistpartiet PCP stødde forboda.

Dette er på ingen måte ute av biletet. Likevel synest det som om revisjonistane satsar meir på å bli arbeidararistokratar i eit borgarleg statsmonopolistisk byråkrati. Dette kan – og vil truleg – kombinerast med at det vert knytt fleire og fleire økonomiske og kulturelle band med den sosialimperialistiske blokka, slik at Portugal etter kvart vert fanga inn i dette garnet, på lag som det har gått med India. Det kan også tenkjast meir offensive planar, t.d. å få MFA med på ein eitt-partistat som gjev revisjonistane albogrom til snøgg kontroll.

Dette er gissingar. Men i alle kan ein konstaterø at sosialimperialistane har flytta fram posisjonane sine i Europa, og det er tydeleg at USA og NATO er ottesame for utviklinga. Difor finst det også ein fåre for intervensjon frå den kanten.

Det portugisiske folket står såleis i fåre for å bli eit nytt offer for rivaliseringa mellom imperialismaktene i aust og vest. MFA har vore heller uklår når det gjeld utanrikspolitikken sin. Dei vil på den eine sida »ikkje bryte dei tradisjonelle banda», dvs. NATO. På den andre sida talar dei om å vere »allianse-fritt land». Korleis det no skal gå i hop. Den nærmaste tida vil truleg avklare dette meir.

*N.R. 15/4.75*

*Neste artikkelen vil m.a. ta opp PCP, fagrørsla og venstresida i Portugal.*

14. Alle sitat er – om ikkje anna er nemnt – henta frå regjeringsdokument »Programa de politica economia e social», utgjeve av O Governo Provisorio da Republica Portuguesa, Lisboa 1975.

15. Movimento Dinamizador Empresa-Sociedade (MDE/S): »Programa Economico», Lisboa 1974.

16. Sjå t.d. Programa e Estatutos do PCP, aprovados no VII Congresso (Extraordinario).

# Vår presse

## Ernst Aust, formann i KPD(m-l): Kamp mot den voksende krigsfåren frå dei to supermaktene

*Roter Morgen, avisa til det tyske marxist-leninistiske partiet KPD(m-l), prenta 5. april i år ein tale Ernst Aust heldt på eit møte i Kiel om fåren for ein ny verdskrig.*

*Ernst Aust opna talen sin ved å sitere frå meldinga Chou En-lai la fram for den 4. folk-kongressen i Kina 13. januar i år: »Dei to supermaktene, USA og Sovjetsamveldet, er dei største internasjonale underkuarane og utbytтарane i vår tid, dei er kjelda til ein ny verdskrig. Den harde rivaliseringa mellom dei må føre til verdskrig ein dag. Folk i alle land må førebù seg på dette.»*

*Ernst Aust peika på kva dette har å seie for folka i Europa:*

»I dag kjem hovudfåren for at det skal bryte ut ein ny verdskrig frå rivaliseringa mellom dei to supermaktene, USA og Sovjet, i kampen dei fører for verdsherredømet. Det har flamma opp ein hard kamp mellom dei om å vinne råstoffkjelder, oljetilgangar og maktsfærer i Midt-Austen, i Den persiske Gulfen og på det sørasiatiske subkontinentet. Det er nettopp særkjeffe for imperialismen at han ikkje berre vil annektere jordbruksområde, men og høgt utvikla industriområde. Difor har Europa, hjarta i kapitalismen, blitt eit strategisk tyngdepunkt i striden mellom USA og Sovjetsamveldet. Her har dei store økonomiske interesser

og er beinveges konfronterte med einannan. Begge set alt inn på å grunnfeste stillingane sine og å freiste å innlemme den delen av Europa som den andre enno har makt over i sitt maktovråde. Det er heilt klårt at dersom det til dømes lykkast for den sovjetiske sosialimperialismen å få Europa under sin kontroll, med det enorme økonomiske potensialet og dei 200 millionar menneske det har, då har det vunne ein avgjerande føremøn på vegen mot verdsherredømet i høve til den amerikanske supermakta.»

### **SOVJETSAMVELDET: EIN AGGRESSIV, UMETTELEG IMPERIALISTISK SUPERMAKT – BAK EIT LØGNTeppe AV FRED OG AVSPENNING**

*I talen heiter det mellom anna:*

»For å dysse folka i svevn og gjere dei vergelause mot eit sovjetisk åtak, har dei moderne revisjonistane lagt seg til med ei rekkje antimarxistiske og antileninistiske teser.

Dei nektar for at imperialismen er kjelda til den moderne krigen. Dei målar den aggressive grunnhåttan (vesen) ved imperialismen i vakre fargar og nektar å sjå dei lovene som styrer utviklinga av han. Dei delar representantane for imperialismen opp i 'frededelege' – som Brandt

**Proletarier aller Länder und unterdrückte Völker, vereinigt Euch!**

# ROTER MORGEN



**Zentralorgan der KPD / Marxisten-Leninisten**

og Kennedy – og 'slemme' – som F. J. Strauss t.d., som dei utstyrer med alle slag kjenneteikn som revansjistiske, 'krigshuga', 'avspenningsfiendslege' osv. Her er det ein ting som avgjer korleis dei dømmer den eine eller den andre, nemleg kor langt dei går i å kome til møtes med ynskja og synsmåtane til dei nye tsarane i Kreml.

Lenin har dreve att den slag tøv då han sa: »Imperialistane delar ikkje opp verda mellom seg på grunn av særskilt stor vondskap. Dei strir ikkje mot kvarandre i tevling om førarstillinga, om verdsherredømmet, fordi dei er uvettige eller vondvise. Dei gjer dette fordi det stegte kapitalkonsentrasjonen har nådd tvingar dei til å gå ut på denne vegen for å vinne profit.»

Med utgangspunkt i tesen sin om den fredelige imperialismen nektar dei for at folket er drivkrafta i den historiske utviklinga og at det er det som skapar historia. På idealistisk vis hevdar dei at endringane i den internasjonale situasjonen og lagnaden for menneskja vert avgjort av dei 'førande personlegdomane' i somme stormakter. Med dette meiner dei herane i Kreml og Det kvite huset. Dei kallar det mellombels samarbeidet mellom dei to supermaktene og dei såkalla avrustningsavtalane mellom dei for "vendepunkt i mannesoga". Dei

ropar ut »Fred, tryggleik og avspenning» som hovudtendensen i dei internasjonale tilhøva, og skuldar Folkerepublikken Kina for å arbeide for "å stifte fiendskap mellom dei to 'supermaktene' Sovjetsamveldet og USA" (som i Pravda nettopp). Kina skal ønskje å drive dei ut i ein atomkrig og vonar sjølve å stå attende som den førande makta etterpå.

Når det gjeld denne siste påstanden er den like tåpeleg som å seie at seismologar, altså jordskjelvgrensar, som har granske og rekna seg fram til at det vil bli jordskjelv i det eine eller det andre området og oppmodar folk til å førebu seg mot det, har skulda når jordskjelvet verkeleg kjem, og at dei ville drive folk ut i eit jordskjelv.

## SOVJETSAMVELDET

### PRATAR OM FRED

#### – MEN BUR SEG SJØLV PÅ KRIG

